# Referat frå SU møte 11. juni 2024

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | **Møte nr.** | 2 | | |
| **MØTELEDER:** | Monika | | **TID:** | *19.00-20.30* | |
| **MØTESTAD:** | Avdeling Kroken | | | | |
| **MØTTE:** | Politikar: Eva Markegård. FAU: Karin Teigen Bakke, Bhg: Gitte Fjeldstad, Hege Myro og Monika Randar | | | | |
| **FORFALL:** | Emmie Eklöf | | | | |
| **NESTE MØTE:** | Tysdag 27. august | | **REFERENT:** | Monika | |

| SAK | | Ansvar |
|---|---|---|
| 1. | **Evaluering av dette barnehageåret**<br>Innspel frå barnehagen:<br>- Viktig å vere nok vaksne i oppstart.<br>- Me har hatt stabile, trygge vaksne til tross for stor utskifting<br>- Gode opplevingar av små grupper<br>- Ei raus og fleksibel personalgruppe<br>- Stort nærvær<br>- Få vikarar. Vanskeleg å rekruttere, særleg norsktalande.<br>- Leiar som er til stades<br>- Har i år jobba med leik som fokusområde<br>Innspel frå foreldregruppa.<br>- Føler seg trygge og er fornøgde<br>- Tema møte på hausten var veldig positivt<br>- Viktig for føresette med varmmat i bhg<br>Innspel frå Eva:<br>- Auka ressursar i barnehagen bør vere ein politisk sak. Det er både førebyggande og økonomisk vinning. Det er også lettare å rekruttere ved å ha gode barnehagar med nok tilsette. Det bør difor setjast inn ekstra personale som kan dekke opp når noko av grunnbemanninga er borte frå avd. t.d. møter og plantid.<br>**Vedtak:**<br>Me har fokus på auka bemanning i starten av året. Eva sjekkar opp korleis me går fram for å fremje saker politisk, frå SU. | Monika |
| 2. | **Tankar om neste barnehageår**<br>- Fortsetje med små grupper, men samarbeid på tvers. Det er viktig at gruppene ikkje vert for små.<br>- Setje inn litt ekstra ressursar frå start<br>- Satsingsområde: Kompetanseløftet (inkludering). Her vil me fortsetje å ha fokus på leik, autoritative vaksne og eit inkluderande leikemiljø. | Monika |
| 3. | **Budsjett**<br>- Me ligg godt an med budsjettet. Har vore heldig å ha lite fråvær. Brukar generelt lite vikarar<br>- Har prioritert uteområdet i vår. Leik har vore fokusområdet og til hausten jobbar me med eit innbydande leikemiljø | Monika |

| | | |
|---|---|---|
| **4.** | **Datoar for FAU og SU møter hausten 2024**<br>- Me gjekk fyrst gjennom årshjul. Det kom forslag om å ha felles SU med Ulsåk barnehage i oktober. Monika høyrer med Trude<br>- SU: Veke 35 (tysdag 27.)<br>Veke 44 (felles med Ulsåk)<br>Veke 7<br>Veke 21<br>- FAU:Veke 42<br>Veke 48<br>Veke 6<br>Veke 18 | Monika |
| | **Eventuelt**<br>- Informasjon kring utbygging:<br>HRP har vunne anbodsrunde kring vurdering av eksisterande bygg. Har sett ned ei prosjektgruppe som jobbar med dette. Den består av fagleiar barnehage, styrarane i barnehagane leiar i eigedom og prosjektleiar (Petter Karlsen).<br>Framdriftsplan: Ferdig rapport i begynnelsen av september.<br>Byggestart i 2026, ferdig hausten 2027.<br>Barnehagane er bekymra for størrelsen som er forespeila og for korleis ein kan drive barnehagar i byggeperiode.<br>Jobbar for å få behalde gymsalane | |